

Rekordpublikum på Falturiltu

Kort sagt — 11 november 2014

Over 4000 fekk med seg Falturiltu i år, og festivalsjefen trur ein er på rett veg mot å nå målet om å bli ei nasjonal festival for nynorsk barnelitteratur.

Blant arrangementa som trekte mest folk i år var Falturiltufest med blant anna stjerneskotet Tønes. Populære var også Lene Kaaberbøl, høgskulen sin musikal «Skammarens dotter», Finn-Erix og Linda Eide på utestaden Arena, samt Stord kulturskule sin eigenproduserte «Måneskinnsoldaten».

– Det var jamt over godt besøk på dei fleste av dei rundt 50 arrangementa, og mykje skryt til festivalutstillingane, blant anna Fitjar vidaregåande skule si utstilling i Stord kulturhus, skriv festivalsjef Roald Kaldestad i ei pressemelding.